

## **Saksutgreiing – framlegg til nye vedtekter i MiSF**

### **Framlegg til ny § 3:**

Kommentar:

Som ein konsekvens av samanslåinga mellom Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane må grunnkapitalen endrast. Dette skjer ved at grunnkapitalen til Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane blir slått saman. MiSF har kr. 210.000 og Kystmuseet har grunnkapital på kr. 4.246.483. Grunnkapitalen blir 4.456.483 når desse to slåast saman, jamf § 47 i Stiftelsesloven.

GJELDANDE:

Grunnkapital

*Stiftinga sin grunnkapital er kr. 210 000.*

NY:

Grunnkapital

*Stiftinga sin grunnkapital er kr. 4.456.483.*

---

### **Framlegg til ny § 4:**

Kommentar:

1.januar 2020 vert Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune. Dette inneber at Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar å eksistere som fylkeskommunal institusjon og at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane formelt skal forhalde seg til Vestland fylkeskommune.

I praksis har Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane allereie byrja å forhalde seg til Vestland fylkeskommune då søknad om fylkeskommunale driftstilskot vart sendt 1.april 2019 og første budsjettmøte med Vestland fylkeskommune vart gjennomført 3.juni 2019. I tillegg til dette vil det nye fylkestinget for Vestland fylke bli valt 9.september, noko som betyr at den politiske leiinga i det nye fylket er på plass i god tid før 1.januar 2020.

I samband med drøftinga av vedtekten i styremøtet 10.april vart det argumentert med at i ein ny og større fylkeskommune – som skal bistå fleire museer enn berre Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane – vil avstanden mellom fylkesadministrasjon og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane bli større. Dette kan utfordre den lokale forankringa og profilen til museet. Det var også eit poeng at styremedlemmene har ein viss fysisk nærheit til museumsavdelingane. Når det er sagt så er et ønskeleg med tilstrekkeleg museumsfagleg kompetanse og uavhegigheit i styret.

Administrasjonen meiner at det er tenleg å sikre ein sterkare forankring av lokal profil i eit nytt storfylke. Samstundes er det eit poeng å ikkje misse all formell fylkeskommunal forankring for museet «over natta». Det er også eit moment at ei slik kopling kan sikre eit overordna museumsfagleg perspektiv i styret.

Administrasjonen gjer framlegg om at Vestland fylkeskommune skal utnemne styreleiar og personleg vara, medan rådet får rett til å utsøke eit nytt styremedlem. Dermed vert talet styremedlemmer (pluss varamedlemmer) som rådet skal velje utvida frå tre til fire. Dette framlegget er også i tråd med det rådet som vart innhenta frå advokat i samband med styremøtet 10.april.

GJELDANDE:

Styre

*Styret er stiftinga sitt øvste organ.*

*Styret har 7 medlemmer som vert valde slik:*

- a) *Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varamedlemmer. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret*
- b) *Rådet vel tre medlemmer med personlege varamedlemmer.*
- c) *To medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av dei tilsette.*
- d) *Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.*

*Styremedlemmene vert valde for 4 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.*

*For tilsettrepresentantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettrepresentantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsettrepresentantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.*

*Ved fyrste val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år.*

*Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer/varamedlemmer er til stades, og blant desse leiar eller nestleiar.*

*Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.*

*Styret vert innkalla så ofte leiaren finn det naudsynt eller det vert kravd frå minst tre medlemmer.*

*Stiftinga sin direktør deltek i styret sine møte med tale- og forslagsrett. Direktøren er sekretær for styret.*

NY:

Styre

*Styret er stiftinga sitt øvste organ.*

*Styret har 7 medlemmer som vert valde slik:*

- a) *Vestland fylkeskommune vel styreleiar med personleg varamedlem. Denne skal peikast ut innan 1. mars i valåret.*
- b) *Rådet vel fire medlemmer med personlege varamedlemmer.*
- c) *To medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av dei tilsette.*
- d) *Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.*

*Styremedlemmene vert valde for 4 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.*

*For tilsetterrepresentantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsetterrepresentantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsetterrepresentantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.*

*Ved fyrste val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år.*

*Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer/varamedlemmer er til stades, og blant desse leiar eller nestleiar.*

*Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.*

*Styret vert innkalla så ofte leiaren finn det naudsynt eller det vert kravd frå minst tre medlemmer.*

*Stiftinga sin direktør deltek i styret sine møte med tale- og forslagsrett. Direktøren er sekretær for styret.*

---

#### **Framlegg til ny § 6:**

Kommentar:

Som omtala ovanfor blir det frå 1.januar 2020 gjort gjeldande både regionsamanslåing og fleire kommunesamanslåingar. Her skjer det no mykje. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune vert slått saman til Vestland fylkeskommune. Flora og Vågsøy vert slått saman til Kinn kommune, medan Naustdal, Gauler, Jølster og Førde vert slått saman til Sunnfjord kommune. Dessutan vert Balestrand, Leikanger og Sogndal slått saman til Songdal kommune. I tillegg til dette blir Hornindal slått saman med Volda kommune og innlemma i Møre og Romsdal kommune. Hornindal kommune har elles sagt opp driftsavtalen om Anders Svor museum.; denne oppseinga har styret akseptert og vert gjort gjeldande frå 1.januar 2020.

I tillegg til dette har styret vedteke å seie opp avtalen med Lærdal kommune om Sogn kunstsenter. Tanken med å seie opp avtalen om drifta av Sogn kunstsenter er å avtale ei meir avgrensa, men avklara rolle, i høve til ansvaret for Gjesme-samlinga i Lærdal.

I gjeldande § 6 er det også ein referanse til regionråda i fylket. Med eit stort Vestlandsfylke er det behov for ei avgrensing her. Sidan Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane primært forvaltar kulturarven til det geografiske området til «gamle» Sogn og Fjordane vil det vere naturleg å avgrense til regionråda for Sogn, HAFS, Sunnfjord og Nordfjord.

Eit anna moment er om det er hensiktsmessig å skilje mellom hovudavdelingar og underavdelingar i høve til kommunal tilknyting. Museumsavdelingane ligg der dei ligg uavhengig av organisatorisk forankring. Såleis gjev det meir mening å heller la det gå eit skilje mellom dei

som er vertskommunar for bemanna avdelingar og dei som ikkje er det. Reint prinsipielt er det også uheldig at organisatorisk struktur indirekte skal oppretthaldast i vedtekten.

Høgskulen i Sogn og Fjordane er blitt ein del av Høgskulen på Vestlandet. Før fylkessamanslåinga og høgskulesamanslåinga var Høgskulen i Sogn og Fjordane den einaste lokale akademiske institusjonen med direkte fagleg og lokal involvering med musea. Dette er ikkje sjølv sagt i den nye regionen; her vil det vere fleire utdanningsinstitusjonar som det kan vere relevant å samarbeide med. Det er difor vere grunn til å spørje seg om det er naturleg å ha Høgskulen på Vestlandet som medlem i rådet. Administrasjonen meiner at det ikkje er naturleg lenger.

Med vedtaket om å slå saman Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vil eigarstyret Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane avviklast. Frå før har eigarstyret til Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum blitt avvikla som ein konsekvens av at Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart slått saman med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane i 2017. Såleis vil to av dei fem opprinnelige eigarstyra frå 2009 ikkje eksistere lenger ved utangen av 2019. I tillegg til dette tok Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane over samlingane og bygga til Nordfjord Folkemuseum frå Nordfjord Sogelag i 2018. Etter gjeldande strategiplan er intensjonen at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal ta over samlingar og bygg ved Sunnfjord Museum frå Sunnfjord Sogelag. Vonleg skjer dette i løpet av 2019.

Ved utgangen av 2019 kan dermed Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane eige fire av fem av samlingane til dei opphavelege eigarmusea og to av eigarstyra er truleg avvikla. Desse endringane utfordrar dermed kva ein no skal legge i omgrepene «dei 5 eigarmusea» og kva rettar desse skal ha. Det som uansett er på det reine er at det var fem eigarmuseum som stifta Musea i Sogn og Fjordane saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2009. Administrasjonen meiner at styret får vurdere å justere på dette på eit seinare tidspunkt dersom ein kjem i den situasjonen at alle eigarstyra til stiftarane har overdrege sine samlingar og bygg til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, men at ein kan justere teksten til «eigarstyra til stiftarane».

#### GJELDANDE:

#### Råd

*Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal, Hyllestad) og vertskommunane for underavdelingane (Balestrand, Hornindal, Lærdal og Jølster), dei 5 eigarmusea, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge.*

*Kvar av dei som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet.*

*Valet gjeld for 4 år.*

*Rådet skal årleg ha minst eitt møte innan 1. mai.*

*Innkalling skal vere skrifteleg med minst to vekers varsel til rådsmedlemmene. Kopi av innkalling med vedlegg skal også sendast til dei organ som har valt medlemmer til rådet.*

*Med innkallinga skal det føreligge sakliste, årsmelding, rekneskap og driftsbudsjett for inneverande år.*

*Møte i rådet kan elles haldast når dette vert kravd av rådet sin ordførar eller 1/3 av rådet sine medlemmer. Slikt møte skal kallast inn skrifteleg med minst to vekers varsel.*

*Rådet kan berre handsame dei saker som er nemnde i innkallinga.*

*Rådet er vedtaksført når minst halvdelen av medlemmene er til stades.*

*Vedtaket vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap er ordføraren si stemme avgjerande.»*

NY:

Råd

*Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i Sogn, HAFS, Sunnfjord og Nordfjord, vertskommunane for avdelingane (Kinn, Sunnfjord, Gloppen, Sogndal, Hyllestad), eigarstyra til stiftarane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge.*

*Kvar av dei som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet.*

*Valet gjeld for 4 år.*

*Rådet skal årleg ha minst eitt møte innan 1. mai.*

*Innkalling skal vere skrifteleg med minst to vekers varsel til rådsmedlemmene. Kopi av innkalling med vedlegg skal også sendast til dei organ som har valt medlemmer til rådet.*

*Med innkallinga skal det føreligge sakliste, årsmelding, rekneskap og driftsbudsjett for inneverande år.*

*Møte i rådet kan elles haldast når dette vert kravd av rådet sin ordførar eller 1/3 av rådet sine medlemmer. Slikt møte skal kallast inn skrifteleg med minst to vekers varsel.*

*Rådet kan berre handsame dei saker som er nemnde i innkallinga.*

*Rådet er vedtaksført når minst halvdelen av medlemmene er til stades.*

*Vedtaket vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap er ordføraren si stemme avgjerande.*

---

**Framlegg til ny § 7:**

Kommentar:

Vi syner til kommentar knytt til paragraf 4. Her er det gjort framlegg om å endre rådsvalte styremedlemmer frå tre til fire. Dette er justert nedanfor. Deet er elles ingen andre endringar.

GJELDANDE:

«Rådet sine oppgåver

*Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.*

*Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m..*

*Rådet skal velje tre styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen.*

*Rådet fastset godtgjering til styret.*

*Opplysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.»*

NY:

«Rådet sine oppgåver

*Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.*

*Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m..*

*Rådet skal velje fire styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen.*

*Rådet fastset godtgjering til styret.*

*Opplysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.»*

---

**Framlegg til ny § 9:**

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune må erstattast med Vestland fylkeskommune.

GJELDANDE:

Finansforvaltning

*Stiftinga si finansforvaltning skal vere forsiktig.*

*Stiftinga kan ikke ta opp lån utan løyve frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kulturdepartementet.»*

NY:

Finansforvaltning

*Stiftinga si finansforvaltning skal vere forsiktig.*

*Stiftinga kan ikke ta opp lån utan løyve frå Vestland fylkeskommune og Kulturdepartementet.*

---

**Framlegg til ny § 11:**

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune må erstattast med Vestland fylkeskommune.

**GJELDANDE:**

Opplysing

*Avgjerd om opplysing av stiftninga skal vedtakast av rådet etter forslag frå styret og skal godkjennast av Kulturdepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.*

*Elles skal reglane i den til ei kvar tid gjeldande Stiftingslova følgjast.*

NY:

Opplysing

*Avgjerd om opplysing av stiftninga skal vedtakast av rådet etter forslag frå styret og skal godkjennast av Kulturdepartementet og Vestland fylkeskommune.*

*Elles skal reglane i den til ei kvar tid gjeldande Stiftingslova følgjast.*

Sandane, 11.juni 2019

For administrasjonen

Kjartan Aa Berge  
Administrerende direktør